



TV- innsamlinga til Amnesty i Uskedalen gav eitt resultat på 23400 som trass i nedgang må karakteriserast som relativt bra ettersom mange var bortreist og føremålet kanskje ikkje var av dei mest fengjande, Gunn Mari Moberg som tok på seg jobben som rodeleiar i ellefte time seier at dette slett ikkje var noko tungt verv. Folk la stor velvilje for dagen då korpset på 13 bøsseberarar skulle settast opp - det var faktisk ingen som sa nei.

Bøsse nummer 14 vart plassert på Vonheim der den tradisjonelle basaren vart avvikla samstundes med TV-innsamlinga.og der ein stor del av dei som bur oppover i dalen var samla. Folk hadde med andre ord sjansen til å gje både til eit lokalt og eit globalt føremål på same dagen! Moberg ber oss formidla ein stor takk til alle dei glade givarane.

På biletet over overrekkjer Kjersti Børve som fyrste bøsseberar i mål på Gamleskulen resultatet av runden i sentrum, på Neset og Flatholm. Rodeleiar og syster Gunn Mari Moberg tek i mot

denne innsamlinga og for den saks skuld andre innsamlingar her i bygda nyt godt av eitvelorganisert og velsmurt apparat som er bygd opp gjennom mangeår. Difor er det ikkje problematisk sjølv når nokon melder forfall. Når det gjeld TV-innsamlinga var resultatet rundt rekna 33000 og 30000 i dei 2 føregåande åra.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen